



Telepost 4/2008 Oslo 18.09.2008

## ***Gode Telelagsvener!***

Sommaren er over og det byrjar å kribble i dansebeinet til kvar og ein av oss. Nokre har kanskje bruka den ivrig i sommar, mens andre har latt den kvile.

Bygdøystemnet var omtrent like puslete som tidligare år. Me greidde å skrape saman 3 par. Litt av årsaka til den lave oppslutninga om stemnet var at me hadde dugnad på hytta same helg og der var innsatsen kjempebra. Hytta er både malt utvendig og vasket innvendig, og treng bare nye madrassar dersom nokon vil overnatte der.

Av aktivitetar i sommar, er det vel landskappleiken på Oppdal som har kravd størst oppmerksmd. Me som var med, var særst nøgde med innsatsen. Dommarane derimot likte nok ikkje det dei såg, og plasserte oss langt bak. Publikum skrøyt, men sa me kunne smilt litt meir. Spelemannen, Kenneth, var suveren som vanleg og fekk prisen som beste spelemann. Vel fortent, Kenneth!

Tuddalstemnet var vått. Det blei dansa på scena hos Knut som skrytte voldsamt av oss. På Bygdetunet regna det så fælt at det ikkje blei nokon dans, men turen var veldig triveleg.

Me byrjar med øvingar 18. september klokka 20.00 i Blåsalen. Torsdag 2.oktober er det klart for nybyrjarkurs klokka 19.00

(Blåsalen). Kjenner dere nokon som gjerne vil vera med å danse teledans, så ta dei med til Nordahl Brunsgate !!

Vel møtt!  
Live

## ***Kva skjer frametter?***

<i>2. oktober, kl 20</i>	Oppstart nybyrjarkurs i teledans
<i>14. november</i>	Konsert med Frank Rolland
<i>15.november</i>	Oslokappleik med fest om kvelden
<i>27.november</i>	Årsmøte i Telelaget
<i>4.desember</i>	Jolefest

For meir informasjon om andre aktivitetar sjå [www.folkemusikk.no](http://www.folkemusikk.no) eller send mail til [noidendur@c2i.net](mailto:noidendur@c2i.net)

Med helsing  
Styre og stell